



Sunnfjord
kommune



Tilsyn med avløpsanlegg 2020-2027

Vedteken av kommunestyret 24.09.2020, sak 072/20

Versjon 1.0 – i tråd med vedtak 24.09.2020.

FORORD

Kanskje tar vi reint vann som sjølvsagt.

Det er ikkje sjølvsagt i resten av verden. Miljøtilstanden i vatt er viktig for mange av FN sine mål for berekraft.

Tilsyn med avløpsanlegg handlar om å sikre reint vann no og for framtida.

Tilsynsplanen er eit verktøy i kommunen sitt arbeid for å hindre forureining frå avløpsanlegg der kommunen er forureiningsmyndigheit. Planen er utarbeidd ved kommunalavdeling for teknisk og miljø, og er ei første utgåve som må reviderast etter kvart som vi får betre kunnskap om tilstanden ved anlegga.



Sande, 24.03.2020

Truls Hansen Folkestad
rådgjevar klima og miljø

Innhold

Tilsyn med avløpsanlegg	1
2020-2027	1
Innleiing.....	4
Miljøtilstand og påverknad	6
Avløpsvatn og reinsekrav	8
Sårbare vassførekomstar	10
Reinseanlegg – typar og tilstand	11
Gjennomføring av tilsyn.....	12
Kartlegging og tilstandsvurdering	13
Planlegging av tilsyn	13
Gjennomføring av tilsyn	13
Rapport og pålegg	14
Tilsynsmyndigheita	15
Kompetanse og kapasitet.....	15
Finansiering	15
Framdriftsplan 2020-2023.....	16
Vedlegg 1.....	17
Vedlegg 2	18
Referansar	19




Innleiing

Vi er om lag 22 000 innbyggjarar i Sunnfjord kommune i 2020. Forventa folkevekst fram til 2040 er på rundt 6 % (Fylkesspegelen). Dei fleste nye bustader blir etablert i Førde by og dei tettbygde strøka Farsund, Langhaugane, Skei, Naustdal, Sande og Vassenden. Kommunal vassforsyning og avløpsreinsing vil i stor grad vere løysinga i desse områda.

Spreidd busetnad utanfor tettstadene vil som regel krevje private vass- og avløpsløysingar. Vi har i dag rundt 3 100 mindre avløpsanlegg i kommunen som inngår i slamtømeordninga i Sunnfjord Miljøverk IKS. Om lag 8 000 innbyggjarar bur i spreidd busetnad. Sunnfjord kommune har også rundt 1 300 fritidsbustader. Ikke alle har innlagt vatn eller vassklosett, men dei som har utslepp av kloakk er pålagt kommunal slamtøming.

Kommunen er myndighet for avløpsanlegg mindre enn 50 personekvivalentar, eller rundt 10 bustader. Kommunen gir utsleppsløyve, byggeløyve og fører tilsyn med at løyva med vilkår blir følgd opp. Informasjon og rettleiing er også viktige oppgåver. Kommunen er også myndighet for 15 kommunale reinseanlegg, og for utslepp av oljehaldig og fetthaldig avløpsvatn frå ulike verksemder.

Kommunane Sunnfjord, Kinn (Flora), Askvoll og Fjaler inngår i Sunnfjord vassområde og Vestland vassregion. Sunnfjord kommune inngår også i Nordfjord vassområde nord og aust for Skei og i Ytre Sogn vassområde sør for Sande . I tråd med tiltaksprogrammet for vassregionen, skal kommunane gjennomføre nødvendige tiltak for å oppnå god miljøtilstand i vassførekostane innan 2021-2027. Kommunane har mellom anna ansvar for å planlegge og gjennomføre tiltak mot forureining frå avløp, landbruk og avfall.





Sommaren 2019 undersøkte NIBIO eit utval avløpsanlegg i 22 kommunar i Sogn og Fjordane. Til saman blei 41 anlegg undersøkt i Sunnfjord kommune. Mange av desse var eldre anlegg. Slamavskiljar med infiltrasjonsgrøft er mest vanleg, men det er også mange slamavskiljarar med utløp til vassdrag eller terreng. Andre anleggstypar, til dømes sandfilteranlegg, tett tank eller direkte utslepp er lite utbreidd. NIBIO tilrår at alle eldre avløpsanlegg i spreidd busetnad blir oppgraderte, fordi dei har ulike svakheiter som gjer at dei på sikt ikkje vil oppfylle gjeldande krav til reinseffekt. Vi har den same erfaringa gjennom tidlegare kommunale tilsyn og enkeltsaker om manglar og feil på avløpsanlegg. Ofte vil behovet for oppgradering medføre full utskifting av tank og filteranlegg.

Kommunen bør gjennomføre tilsyn med alle avløpsanlegga med jamne mellomrom. Det vil ofte vere nødvendig med synfaring, men tilsyn vil også omfatte gjennomgang av rapportar frå slamtøming og service. I denne planen blir tilsynsarbeidet satt i system slik at tilgjengelege ressursar blir nytta best mogleg. Samtidig blir tilsynet basert på kunnskap om miljøtilstanden i vassførekostane og tilstanden i avløpsanlegga. I 2020 er det avsett ei 60 % stilling for behandling av utsleppsøknader, vassprøvetaking og tilsyn. Arbeidet blir finansiert gjennom gebyr for saksbehandling og tilsyn, etter prinsippet om sjølvkost.


Tilsynsplanen er eit grunnlag for utarbeiding av lokal forskrift om gebyr for saksbehandling og tilsyn, og ei eventuell lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg.

Miljøtilstand og påverknad


Vassførekommstane i Sunnfjord kommune er dominert av dei store vassdraga Gaula, Jølstra, Anga og Nausta, med mange mindre vatn og bekkar i nedbørfelta. Det meste av vatnet endar i Førdefjorden og Dalsfjorden som utgjer kommunen si kystlinje. Det er også mange grunnvassførekommstar i kommunen.

Dei fleste avløpsanlegga i kommunen drenerer til ferskvatn. Det er knytt mange interesser til vatnet. Som leveområde for plantar og dyr. Som energi i kraftproduksjon. Og som drikkevatn til innbyggjarar, gardsbruk og næringsliv. Dei same vasskjeldene er gjerne også badevatn, og resipient for avløpsvatnet.


Miljøtilstanden er god eller svært god i mange elver, vatn og fjordar. Dårligare miljøtilstand er ofte knytt til påverknader eller forhold som kommunane ikkje kan gjere noko med på eiga hand. Til dømes fiskeoppdrett, vasskraft, industri og langtransportert luftforureining.



Figur frå vann-nett.no



Påverknad frå mindre avløpsanlegg og større kommunale reinseanlegg er relativt liten, men har likevel ein vesentleg påverknad i enkelte sårbare vassdrag. Det er i tillegg stor usikkerheit knytt til diffus avrenning, og vi veit for lite om påverknaden frå spreidde avløp. Tilsyn med mindre avløpsanlegg vil ha ei førebyggande effekt og bidra til å oppretthalde god miljøtilstand i mange vassdrag. Ofte er miljøtilstanden ein konsekvens av den samla påverknaden frå ulike kjelder. Tilsyn vil auke kunnskapen om miljøtilstanden og bidra til å avklare om ei forureining skuldast avløp eller andre årsaker.



Avløpsvatn og reinsekrav

Sanitært avløpsvatn er avløpsvatn frå menneska sitt stoffskifte og hushald, i hovudsak frå vassklosett, kjøkken, bad og vaskerom. Vi deler ofte inn i svartvatn og gråvatn. Svartvatn utgjer den delen som kjem frå klosettavløp, mens gråvatn som regel er resten.

Ureinsa avløpsvatn inneholder i hovudsak organisk stoff, næringsalt (nitrogen og fosfor) og mikroorganismar. Utslepp av ureinsa avløpsvatn kan føre til algevekst, oksygenmangel og dårlige levekår for botndyr og fisk. Det kan også medføre tilgrising og smittefare for folk og dyr. Slammet frå avløpsvatn er ein verdifull ressurs dersom det blir behandla rett.

Krava til reining av avløpsvatnet blir sett ut i frå reinseevna til resipienten.

Ferskvassførekommunar i Sunnfjord kommune inngår i definisjonen for *normalt område* i forureiningsforskrifta kapittel 11. Krava til reining for mindre avløpsanlegg etter kapittel 12 i forskriften går fram av § 12-8:

«*Sanitært avløpsvann med utsipp til følsomt og normalt område, jf. vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11, skal minst etterkomme:*

90% reduksjon av fosfor og 90% reduksjon av BOF5 dersom det foreligger brukerinteresser i tilknytning til resipienten,

90% reduksjon av fosfor og 70% reduksjon av BOF5 for resipienter med fare for eutrofiering hvor det ikke foreligger brukerinteresser, eller

60% reduksjon av fosfor og 70% reduksjon av BOF5 dersom det verken foreligger brukerinteresser eller fare for eutrofiering.


Renseeffekten skal beregnes som årlig middelverdi av det som blir tilført renseanlegget.

Dersom det kun slippes ut gråvann, skal gråvannet gjennomgå reining i stedegne løsmasser eller tilsvarende.»

BOF5 er eit mål for mengda organisk stoff i avløpsvatnet. Som regel vil det alltid vere brukarinteresser i tilknyting til resipienten, og det skal difor tunge argument til for å avvike frå det strengaste reinsekravet på minst 90 % reduksjon av fosfor og BOF5.

Krava til reining for kommunale avløpsanlegg etter kapittel 13 i forureiningsforskrifta går fram av § 13-8:

«*Kommunalt avløpsvann med utsipp til følsomt og normalt område, jf. vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11, skal minst etterkomme 90% reduksjon av fosformengden beregnet som årlig middelverdi av det som blir tilført renseanlegget.»*



Kystvatnet i Sunnfjord kommune inngår i definisjonen av *mindre følsomt område* i forureiningsforskrifta kapittel 11. Krava til reining etter kapittel 12 i forskrifta går fram av § 12-9:

«*Sanitært avløpsvann med utslipp til mindre følsomt område, jf. vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11, skal ikke forsøple sjø og sjøbunn, og minst etterkomme*

20% reduksjon av SS-mengden beregnet som årlig middelverdi av det som blir tilført renseanlegget, eller

180 mg SS/l ved utslipp beregnet som årlig middelverdi.

Dersom det kun slippes ut gråvann, kan gråvann med utslipp til sjø slippes urensset til resipient.»

SS er eit mål for mengda organisk stoff i avløpsvatnet.

Krava til reining etter kapittel 13 i forskrifta går fram av § 13-9:


«*Kommunalt avløpsvann med utslipp til mindre følsomt område, jf. vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11, skal ikke forsøple sjø og sjøbunn, og minst etterkomme*

- a) *20% reduksjon av SS-mengden i avløpsvannet beregnet som årlig middelverdi av det som blir tilført renseanlegget*
- b) *100 mg SS/l ved utslipp beregnet som årlig middelverdi*
- c) *sil med lysåpning på maks 1 mm, eller*
- d) *slamavskiller utformet i samsvar med § 13-11*

Nye utslipp, utslipp som økes vesentlig eller renseanlegg som endres vesentlig må etterkomme kravet i bokstav a eller b.»

Miljøtilstanden i Vann-nett tydar på at det er store skilnader i resipientkapasitet mellom ulike vassførekommunar, både i innlandet og på kysten. Forureiningsforskrifta si inndeling i normale og mindre følsame område er for grov til å fange opp desse skilnadene. Ei lokal forskrift kan hjelpe kommunen med å stille dei rette reinsekrava ut i frå lokale brukarinteresser og kunnskapen om miljøtilstand og påverknad.

Større kommunale reinseanlegg får i stor grad dei same krava til utslepp som mindre private, men har ofte meir kompliserte reinseprosessar og større krav til drift- og vedlikehald, særleg i område med påslepp frå ulike verksemder og utfordringar med overvatn.



Sårbare vassførekomstar

I denne planen legg vi til grunn ei samla vurdering av risiko og sårbarheit for prioritering av tilsyn med mindre avløpsanlegg. Vi vurderer risiko for at ein vassførekomst ikkje har god miljøtilstand i framtida ut i frå tilstanden i dag og omfanget av ulike påverknader. Sårbarheit vurderer vi ut i frå omfanget av brukarinteresser og vassførekomsten si reinseevnne. Vi bruker følgjande parametrar:

- Økologisk tilstand (vann-nett.no)
- Samla påverknad (vann-nett.no)
- Drikkevatn-interesser – nærleik til brønnar, grunnvassførekomstar, overflatevasskjelder
- Brukarinteresser – bading, rekreasjon, jordbruksvatning, beitedyr, overgjødsling
- Naturmangfald – laks, sjøaure, storaure, våtmark, botndyr, elveperlemusling
- Busetnad – bustadtettleik, alder på busetnad og VA-tekniske anlegg
- Spesielle problem – kjende VA-tekniske problem, td. fall, overvatn, fett og olje og behov for utskiljar, ulovleg innlagt vatn i bustader eller fritidsbustader
- Resipientane si reinseevn


Oversikt over vassførekomstane som vi vurderer som mest sårbare og som bør få størst merksemd i tilsynsarbeidet dei første åra følgjer som vedlegg 1. Vurderingane er delvis basert på fagleg skjønn, og det er difor viktig å revidere lista etter kvart som vi får meir eksakt kunnskap.

Reinseanlegg – typar og tilstand

Det er framleis eit stort arbeid igjen før vi har ei samla og god oversikt over dei private reinseanlegga i kommunen. Dette handlar både om å følgje opp kartlegginga som tidlegare er starta i Gaular og Jølster, og å systematisere kunnskapen i ein database. Vi ønskjer å kople digitale data for anlegga med matrikkelen, slamtømefirmaet sine data og programvare for gebyr og fakturering, slik at alle ledd kan bli meir effektive.

Ut i frå NIBIO sine undersøkingar i 2019, stipulerer vi omfanget av reinseanlegg i Sunnfjord kommune, som vist nedanfor. Vidare kartlegging og tilsyn vil nok justere på denne fordelinga. Omtale av dei ulike typar reinseanlegg går fram av NIBIO rapporten.

Type private anlegg	Tal
Usikker type	150
Direkte utslepp	10
Slamavskiljar til vassdrag/sjø	780
Slamavskiljar til terreng	370
Infiltrasjonsanlegg	1 480
Sandfilteranlegg	170
Biologisk/kjemisk minireinseanlegg	10
Biologisk minireinseanlegg	40
Kjemisk minireinseanlegg	0
Tett tank svartvatn og gråvassfilter	10
Tett tank	80
SUM	3 100




Gjennomføring av tilsyn

For å kunne føre tilsyn med utslepp frå mindre avløpsanlegg, er det viktig med

- eit godt fagleg grunnlag
- tilstrekkeleg førebuing
- at det er utarbeidd tilsynsplana
- at anlegga er kartlagt og behovet for oppfølging er vurdert
- motivasjon både politisk og administrativt

TILSYN = KONTROLL + REAKSJON

Tilsyn med mindre avløpsanlegg omfattar kartlegging og tilstandsvurdering, og deretter ein reaksjon i form av oppfølging av avvik gjennom pålegg. Eit tilsyn kan avsluttast når pålegga er følgd opp og avvika er retta.



Kartlegging og tilstandsvurdering

Kartlegging er nødvendig for at vi skal få til eit effektivt tilsynsarbeid basert på kunnskap om avløpsanlegga i kommunen. Kartlegging kan gjerne starte i kommunen sitt arkiv, men det er ofte få opplysningar i sakene. Mange anlegg blei lovleg etablert i ei tid utan krav til særskild utsleppsløyve og ofte manglar det opplysningar om plassering og type.

Kartlegging og tilstandsvurdering består av fleire metodar:

- Gjennomgang av kommunale arkiv og matrikkelopplysningar
- Gjennomgang av Komtek avtalar, lister frå Sunnfjord Miljøverk IKS og slamtømefirma om tømetidspunkt og ev. manglar
- Spørjeundersøking til anleggseigar – spørjeskjema og kartutsnitt
- Eventuell supplerande informasjon frå entrepenør eller røyrleggar
- Synfaringar for å registrere og tilstandsvurdere avløpsanlegga
- Registrering av anleggsdata i eigen database. Her bruker vi både GisLine VA, Komtek VA Privat, med VA Felt for direkte registrering under synfaring.

Planlegging av tilsyn

Planlegging av tilsynet vil som regel omfatte følgjande trinn:

1. Kontroll av rapportar frå anleggseigar, slamrenovatør, service.
2. Peike ut saker med høg prioritet. Dette vil vere anlegg der det pågår forureining, eller det er vesentleg fare for forureining. Det vil også generelt vere anlegg i nedbørfelta til vassførekomstane som går fram av lista i vedlegg 1.
3. Ingen anlegg bør ha tilsyn sjeldnare enn kvart sjette år. Dette blir ein faktor i tilsynsaktiviteten etter kvart som vi får god oversikt over alle anlegga.
4. Tilgjengeleg kunnskap om anlegga blir gjennomgått og tilsynet blir planlagt ut i frå type anlegg og problemstillingar på staden.
5. Vi nyttar faste kontrollsksjema tilpassa anleggstypen.
6. VA felt-utstyret blir klargjort for bruk under tilsynet. Dette er ein GPS og nettbrett for digital registrering av anleggsopplysningar.


Gjennomføring av tilsyn

Tilsyn er både den fysiske gjennomgangen på anlegget, og den rutinemessige gjennomgangen av rapportar og dokumentasjon på anlegga. Med andre ord pågår tilsynsarbeidet i kommunen for fullt sjølv om anleggseigarane ikkje får besøk kvart år.

Gjennomføring av det fysiske tilsynet vil som regel omfatte følgjande trinn:

1. Varsling eller kunngjering på førehand, så langt som råd. Kommunen vil sende ut eit generelt varsel om tilsyn i samband med at denne planen og tilhøyrande gebyrforskrift blir vedteken. I nokre saker kan det også vere aktuelt med tilsyn utan varsel på førehand.
2. Synfaring av anlegget, med lokalisering av lokk, inspeksjons- og utsleppspunkt.




- 
3. Gjennomgang av teknisk og driftmessig standard på anlegget. Kontrollskjema for tilsynet er tilpassa type anlegg. For anlegg med skriftleg utsleppsløyve, blir kontrollen ofte knytt til vilkåra i løyvet.
 4. Registrering eller oppdatering av opplysningar om anlegget førast inn direkte i VA Felt i nettbrett. Opplysningane blir automatisk lagra i database i GisLine VA og seinare overført til Komtek ved hjelp av Norkart.

Rapport og pålegg

Etter tilsynet må kommunen slå fast om anlegget har avvik som må rettast for å fungere i tråd med regelverket. Dette blir oppsummert i ein skjematiske tilsynsrapport som kommunen utformar under eller like etter tilsynet. Dersom kommunen ikkje fant avvik ved anlegget, sender kommunen tilsynsrapporten til anleggseigar og tilsynet blir avslutta. Dersom kommunen fant avvik, må kommunen sette i gang ein prosess med følgjande trinn:

1. Førehandsvarsel om pålegg. Det er naturleg at dette brevet blir sendt saman med tilsynsrapporten som oppsummerer avvika og kva vurderingar som ligg til grunn for eit eventuelt pålegg. Kommunen må skissere kva pålegget går ut på, til dømes konkrete utbetringer eller bygging av nytt anlegg. Anleggseigaren får ein rimeleg frist i tråd med forvaltningslova til å kome med merknader til kommunen sine vurderingar. På dette tidspunktet må kommunen også vurdere å varsle mogleg inndraging av utsleppsløyve dersom eit eventuelt pålegg ikkje blir følgd.
2. I nokre saker vil eit førehandsvarsel vere tilstrekkeleg til at eigaren rettar avvika utan vidare saksgang. I så fall må kommunen krevje å få tilsendt ny dokumentasjon på at endringane er retta. I nokre saker vil dette vere søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova, som må behandlast formelt i kommunen før tilsynet kan avsluttast. I så fall må kommunen fastsette fristen i pålegget med omsyn til gjeldande saksbehandlingsfristar i kommunen.
3. Dersom eigaren ikkje rettar avvika utan vidare, må kommunen vurdere å gjere eit vedtak om pålegg. Pålegget må innehalde krav om konkrete utbetringer eller bygging av nytt anlegg, og med ein rimeleg frist for å gjennomføre tiltaka. Ofte vil dette vere søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova, som må ha byggeløyve og ferdigattest før tilsynet kan avsluttast. Det vil også vere nødvendig med nytt utsleppsløyve i mange saker.
4. Pålegget er eit enkeltvedtak som eigaren kan klage på i tråd med reglane i forvaltningslova. Klagen går vidare til Fylkesmannen dersom kommunen ikkje tek klagen til følge.
5. Når fristen i pålegget er ute, må kommunen kontrollere om pålegget er oppfylt. Dersom pålegget ikkje er oppfylt, må kommunen sende eit varsel om tvangsmulkt i medhald av forureiningslova. Kommunen gir då ein frist for den ansvarlege til å følgje pålegget, og opplyser om storleiken på tvangsmulkta og korleis den blir iverksett dersom fristen ikkje blir følgd opp.



Tilsynsmyndigheita

I tråd med forureiningsforskrifta er kommunen forureiningsmyndighet for:

- kapittel 12 om krav til utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustader, hytter og liknande
- kapittel 13 om krav til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbygde strøk
- kapittel 15 om krav til utslepp av oljehaldig avløpsvatn

Kommunen skal føre tilsyn med at reglane og vedtaka som blir fatta i medhald av desse kapitla blir følgd.

Forureiningsforskrifta er heimla i forureiningslova. I tråd med delegeringsreglementet for Sunnfjord kommune, er det delegert til kommunedirektøren å treffen enkeltvedtak etter forureiningslova der kommunen er forureiningsmyndigkeit. Kommunedirektøren kan også fastsette tvangsmulkt til og med 100 000 kroner som eingongsbeløp og 2 000 kroner per dag. Større beløp er delegert til utvalet for samfunn, kultur og næring. Kommunedirektøren har delegert ansvaret vidare til einingsleiar for landbruk og miljø. Saksgangen i prinsipielle saker må avklaraast oppover.

Tilsynsplanen er eit styringsdokument for administrasjonen si utøving av myndigheita etter forureiningsforskrifta. Det er viktig at styringsdokumenta er godt politisk forankra, slik at administrasjonen har eit godt grunnlag for å drive tilsyn. Det er naturleg at enkeltvedtak etter forskrifta blir jamleg referert i utvalet for samfunn, kultur og næring, og at klagesaker blir behandla i utvalet før dei eventuelt blir sendt vidare til Fylkesmannen.

Fylkesmannen har også ansvar for å føre tilsyn med at kommunen følgjer opp regelverket. I 2019 blei Gaular kommune inspisert, og Fylkesmannen påla kommunen å rette eit avvik som gjekk ut på at kommunen ikkje førte tilsyn med kommunale reinseanlegg etter kapittel 13 i forskrifta.


Kompetanse og kapasitet

Sunnfjord kommune har ansvar for å drive tilsyn med om lag 3 100 anlegg med ulik tilstand og type spreidd over heile kommunen. Dette er eit omfattande arbeid som føreset fagleg innsikt i anlegga si tekniske utforming og driftsmessige funksjon. Tilsyn vil også krevje kunnskap om prøvetaking og HMS-reglar knytt til slikt arbeid. For å luka med effektiv og målretta innsats, må kommune sette av tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse. Med utgangspunkt i tilsyn minst kvart sjette år per anlegg, vil det på sikt vere behov for fleire årsverk enn i dag.

Finansiering

Kommunen kan ta gebyr for saksbehandling og tilsyn, ved å utarbeide lokal gebyrforskrift med heimel i forureiningsforskrifta § 11-4. Førde kommune, Gaular kommune og Jølster kommune hadde lokal gebyrforskrift for området. Lokal forskrift for Sunnfjord kommune er under utarbeiding første halvår 2020, og blir lagt ut til offentleg ettersyn saman med eit høyringsutkast av denne tilsynsplanen.





Samla sett skal gebyra ikkje overstige kommunen sine kostnader med saksbehandling og kontrollordningar (sjølvkostprinsippet). Dei første åra må kommunen bruke mest tid på kartlegging og prøvetaking i vassdrag med eksisterande og planlagde utslepp. Dette blir også finansiert av tilsynsgebyret, då dette arbeidet er bunde til kommunen som ureiningsmynde, og ikkje berre til kommunen som vassdragsforvaltar.

Framdriftsplan 2020-2023

Vi reknar med å kunne bruke meir tid på saksbehandling og fysisk tilsyn etter kvart som kartlegginga blir ferdig. Men ressursbruken vil nok variere frå år til år avhengig av søknadsmengder og tilfeldige forureiningssaker. Ut i frå tilgjengelege ressursar ser vi for oss følgjande prioritering og framdrift dei første åra:

År	Vassprøver	Saksbehandling	Kartlegging	Stadleg tilsyn	Kostnad
2020	0,2 årsverk	0,3 årsverk	0,3 årsverk	0,2 årsverk	900 000 kroner
2021	0,2 årsverk	0,3 årsverk	0,3 årsverk	0,2 årsverk	920 000 kroner
2022	0,2 årsverk	0,4 årsverk	0,2 årsverk	0,2 årsverk	940 000 kroner
2023	0,2 årsverk	0,5 årsverk	0,1 årsverk	0,3 årsverk	960 000 kroner

Vassprøver: Som ein del av arbeidet i Sunnfjord vassområde skal kommunen kvart år gjennomføre 4 rundar med vassprøver på rundt 50 faste stadar. I tillegg kjem tilfeldige vassprøver i tilknyting til enkeltsaker om forureining eller utsleppsløyve. Av omsyn til HMS-krav bør ein alltid vere to personar på slike oppdrag.

Saksbehandling: Mange bygge- og delingssaker føreset at det blir gitt eit utsleppsløyve. Oppfølging av stadlege tilsyn med varselbrev og pålegg er også ein del av saksbehandlinga.

Kartlegging: Denne delen av tilsynet omfattar ein stor del kontorarbeid som gjerne kan gjennomførast i vinterhalvåret når det er dårlege forhold for vassprøver og fysisk tilsyn.

Stadleg tilsyn: Arbeidet omfattar synfaring, registrering av anleggsdata, og eventuelt inspeksjon og prøvetaking. Også her bør det alltid vere to personar av omsyn til HMS-krav.

Kostnad: Det samla beløpet er stipulert ut i frå kostnadene knytt til teneste 30205 i driftsbudsjettet, pluss ekstrakostnader med ein sidemann på uteoppdraga, pluss delar av lønskostnader knytt til teneste 32910.



Vedlegg 1

Vassførekommstar som blir prioritert for tilsyn i perioden 2020-2023. Denne lista vil bli oppdatert årleg etter kvart som miljøtilstanden endrar seg i vassførekomstane og ein får betre kunnskap om påverknad og brukarinteresser.

Vassførekomst	Økologisk tilstand ¹	Samla påverknad ²	Brukarinteresser, naturverdiar ²	Reinseevne ²
Redalselva, Redalen	Dårlig	Moderat	Stor – elveperlemusling, laks, sjøaure	Moderat
Jølstra, ved Øyrane	Svært dårlig	Stor	Stor – laks, våtmark, brakkvassdelta	Liten
Førdefjorden, indre	Dårlig	Stor	Stor – laks, sjøaure, torsk, blautbotn	Stor
Kvamselva, bekkefelt, Bygstad	Moderat	Stor	Stor – laks, sjøaure	Liten
Anga, bekkefelt	Moderat	Stor	Stor – laks, sjøaure	Liten
Nausta, bekkefelt	Moderat	Stor	Stor – laks, sjøaure, våtmark, blautbotn	Liten
Åmotelva, Espeland	Moderat	Stor	Stor – laks, sjøaure, våtmark	Moderat
Jølstra, bekkefelt	Moderat	Stor	Stor – laks, sjøaure	Liten
Øygrova, Paulselva, Bolsetelva	Moderat	Stor	Moderat –, rik kulturlandskapssjø	Moderat
Jølstravatnet, bekkefelt	Moderat	Stor	Stor – storaure	Liten
Dalsfjorden, indre	God	Moderat	Stor – våtmark, blautbotn, laks, sjøaure, torsk, bunndyfauna	Moderat
Sagelva, Sundsdalen	Moderat	Moderat	Moderat	Liten
Stardalselva, bekkefelt	Moderat	Stor	Moderat	Liten

1) svært dårlig – dårlig – moderat – god – svært god

2) liten – moderat – stor





Vedlegg 2

Tilsynsplanen vart vedteken i kommunestyret 24.09.2020, sak 072/20:

KST-072/20 Vedtak:


Kommunestyret i Sunnfjord kommune vedtek plan for tilsyn med avløpsanlegg 2020-2027.

Planen vert lagt til grunn for utforming av gebyrforskrifta for dei ulike tenestene innanfor regelverket for forureining.

Tilsynsplanen må reviderast innan 2022, særleg med omsyn til endringar i lista over sårbare vassførekomstar.

Kommunestyret ber kommunedirektøren praktisere regelverket i ureiningslova om utbetring/nyinvestering av avløpsanlegg varsamt for å unngå uforholdsmessig store kostnader for innbyggjarane.

Enkeltvedtak etter ureiningslova skal leggast fram for Utval for samfunn, kultur og næring som referatsaker.



Referansar

Norsk Vann – *Kurs i kommunalt tilsyn av mindre avløpsanlegg.* 2016.

Norsk Vann Rapport 184/2011 – *Tilsyn med utslipp fra avløpsanlegg innen kommunens myndighetsområde.*

Norsk Vann. *Verktøykasse. Mindre vann- og avløpsløsninger.* 2016

NIBIO Oppdragsrapport – *Kartlegging av private avløpsrenseanlegg i ulike kommuner i Sogn og Fjordane fylke.* 2019. Tilgjengeleg på www.vannportalen.no.

www.Vann-nett.no

www.Miljokommune.no